

## Utviklingsavtale for HVL 2023 – 2026

### **Mål 1. Forskinga ved HVL held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.**

I perioden vil HVL styrkje forskninga ved å vidareutvikle eksisterande forskingsmiljø og bygge fleire nasjonalt og internasjonalt leiande forskingsmiljø. HVL vil utvikle og gje prioritet til tverrfagleg forskning. HVL vil forske saman med samfunns- og arbeidslivet, auke den eksterne forskingsfinansieringa og styrkje innsatsen for å gjere forskninga meir open.

Forskinga ved HVL blir teken i bruk i utdanningane og får gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, også internasjonalt. Gjennomslag handlar om å skape tilsikta, positiv innverknad («impact»). Forskartalent og dyktige forskingsleiarar vil få utvikle seg og drive forskingsfelt framover, noko som også gjer HVL meir attraktiv som arbeidsplass og samarbeidspartnar.

Det HVL gjer for å styrke forskninga blir viktige bidrag til å styrkje konkurransekraft, innovasjons- og omstillingsevne. Dette står sentralt i det å bidra til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Styringsparametrar:

1. Auka kvalitet i forskninga.
2. Større gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet
3. Meir tverrfagleg forskingssamarbeid.

### **Mål 2. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane ved HVL skal dekkje framtidens kompetansebehov.**

I perioden vil HVL styrkje tilbodet av utdanningar med høg kvalitet og med gjennomgåande utdanningsløp til og med ph.d.-grad. Studietilbodet ved HVL skal vere fleksibelt og tilpassa studentar i ulike livsfasar. Kortare utdanningar skal HVL kunne innpasse i gradsstudia. Høge søkjartal, kvalifiserte og motiverte søkjarar og god gjennomstrøyming er føresetnadar for å lykkast, og HVL arbeider målretta med rekruttering, relevans og tilgjengelegheit.

HVL har eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø som er mangfaldig, internasjonalt og inkluderande. HVL vektlegg studentaktive lærings- og undervisningsformer som engasjerer og fremjar læring på både fysiske og nettstøtta læringsarenaer. Studentar tek del i forskning, noko som hevar kvaliteten i utdanningane ved HVL. HVL gjev studentar tilbod om praksis og prosjektarbeid med arbeidslivet i fleire studium.

Det å vere tydeleg på kva HVL vil med utdanningane sine er viktig for å styrke omstillingsevna og for å høgne kvaliteten på og tilgjenge til kunnskap og kompetanse. HVL har ein utdanningsprofil som i stor grad bidreg til å styrkje samfunnets føresetnadar for å inkludere fleire born og unge på ein god måte.

Styringsparametrar:

4. Meir relevans i studietilbodet.
5. Auka kvalitet i utdanningane.
6. Meir fleksibilitet i studietilbodet.

**Mål 3. HVL er ein samskapande høgskule med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.**

I perioden vil HVL utnytte potensialet som ligg i å vere til stades i heile regionen, og styrkje rolla i den regionale utviklinga. HVL vil mellom anna arbeide for å auke talet på regionale partnerskap, delte stillingar og talet på kandidatar innan offentleg ph.d. og nærings-ph.d. I samskapinga med samfunns- og arbeidslivet tek HVL ei leiande rolle. Ved å utøve forskning og utdanning av høg internasjonal kvalitet, vil HVL vere ein sentral brubyggjar og føretrakt samarbeidssamarbeidspartnar. HVL vil utvikle fleircampus høgskulen og hente ut gevinstar av samarbeid på kvar campus og på tvers av fleire campusar. HVL vil styrkje alle campusane som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring.

Det at HVL legg vekt på si regionale rolle og samskaping er viktig for å høgne kvaliteten på og tilgjenge til kunnskap og kompetanse.

Styringsparametrar:

7. Gjennomføring av tiltak for campusutvikling, og realisering av gevinstar.
8. Auka omfang av samskaping mellom fagmiljø og med regionen.
9. Arbeidsmiljøet fremjar mangfald, inkludering, trivsel, openheit og samarbeid.